Journalført: 14/51 /tha
Arkivkode: 217

Vedlagt følger en tilbakemelding i forhold til kontrollutvalget sin forespørsel.

Mvh.

Jan Erik Nygaard

Viser til mottatte e-post av 30. januar vedr. avviksrapportering.

Bokn kommune har kjøpt og installert Kommuneforlagets internettbaserte kvalitets- og internkontrollsystem med skriftlig avviksbehandling og århjulsfunksjon. En er godt i gang med å legge inn frister for gjennomføring av arbeidsoppgavene som er planlagt i 2014 inn i årshjulet. Men arbeidet med å implementere kvalitets- og internkontrollsystemet blant de ansatte har tatt lenger tid enn ønsket.

Dette henger sammen med at en har måttet prioritere arbeidet med utføring av de daglige oppgavene da tjenestene har hatt et stort press det siste året; i tillegg til ekstra arbeid som følge av samhandlingsreformen, avslutning av kommuneplanarbeidet, avslutning av arbeidet med reguleringsplanene for Rogfast, utredning av kapasitet og videre utbygging av Bokn Vassverk, avslutning av reguleringsplanarbeidet for nytt byggefelt på Fyren, avslutning av reguleringsplanarbeidet for ny Føresvikveg, ferdigstillelse av ny avdeling i barnehagen, arbeid med planlegging av flerbrukshall og forhandlinger med nabokommuner om nye samarbeidsavtaler når det gjelder kjøp av tekniske tjenester, kjøp av barnevernstjenester og kjøp av PP-tjenester. Videre har kommunen hatt flere tidkrevende tilsyn og mange spørsmål og forespørsler fra private og offentlige instanser.

I tillegg har det vært utskifting i ledergruppa og langvarig sykefravær blant ansatte i sentrale stillinger. Dette har ført til vakanse i stillinger og interne rokkeringer for å få drifta til å fungere. I denne situasjonen har en valgt å nedprioritere arbeidet med innføring av nytt internkontrollsystem i 2013.

Fra 6. januar 2014 ble endelig seksjonssjefsgruppa fulltallig da Ingunn Toft tiltrådte stillingen som seksjonssjef for seksjon kultur, barnehage og skule, etter at stillingen hadde vært vakant fra ca. 1. august. Bemanningssituasjonen er likevel ikke helt der den skal være enda, da økonomisjefen som har vært sykemeldt fra midten av desember fortsatt pr. dags dato er sykemeldt i 50% stilling. I tillegg har vi også fått en noe lenger sykemelding i teknisk.

En sykemelding som kom på et svært ubeleilig tidspunkt da vedkommende som er nytilsatt overingeniør var kommet godt i gang med nødvendig opplæring samtidig som han var i gang med overta ansvaret for kommunens byggesaksbehandling og den tekniske drifta for øvrig bl.a. ansvaret for kommunens vannverk.

Teknisk er likevel kommet godt i gang med revidering av internkontroll og kvalitetssikring av vannverket, der de siste revideringene er gjort den 25.10.2013. HMS-delen med prosedyrer m.m. blir også gått igjennom på nytt. Men systemene er de samme som i 1995 og en vurderer i utgangspunktet HMS-systemet fortsatt å være tilfredsstillende.

Implementering og opplæring av kvalitets- og internkontrollsystemet og herigjennom ny gjennomgang av prosedyrer og instrukser tilknyttet kommunens HMS-arbeid er likevel et prioritert arbeid for Bokn kommune i 2014.

Hele 19. og 20. mars er satt av for ansatte i seksjonene til opplæring i bruk av det nye kvalitets- og internkontrollsystemet. Opplæringen gis på Boknatun med eksterne foreleser direkte fra Kommuneforlaget.

Deretter er det et mål at seksjonene i løpet av 2014 implementerer og tar systemet i daglig bruk.

Mvh.

Jan Erik Nygaard
Rådmann Bokn kommune



Emne **Fwd: kontrollutvalget. Kan du sette denne saken under evt på neste møte?**
Avsender Daghild Alvestad <dgalve06@hotmail.com>
Mottaker torill <tha@kontrollutvalgene.no>
Dato 28.01.2014 08:12

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 28.01.14
Journalført:
Arkivkode:

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Dato: 23. januar 2014 10:07:29 CET
Til: "Daghild Alvestad" <dgalve06@hotmail.com>
Emne: kontrollutvalget

Hei!

Postliste og data systemet i kommunen er ein sak kontrollutvalget bør ta tak i.
Det er kjent at postlistesystemet ikkje er oppdatert, det er flere år gammel post som ikkje er registrert og postlistene forsvinner etter kort tid fra offentligheten.
Datasystemet er i kommunen er veldig tregt ein venter ofte i mange minutter på søk.
Ring meg når du har mulighet

Mvh



Denne e-posten er fri for virus og uønsket programvare fordi avast!
Antivirus beskyttelsen er aktiv.

Onsdag 5. februar

Møteleder: Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

Registrering – kaffe / utstilling

PROGRAM - KONTROLLUTVALGS- KONFERANSEN 2014

Velkommen

► Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, NKRF

Åpning

► Statssekretær Jørdar Jensen (H), Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Kommunereform – om arbeidet, vurderinger og prosesser

► Statssekretær Jørdar Jensen (H), Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Erfaringer

► Informasjonsleder Petter Ingeberg, Kristiansund kommune

Lunsj

Kommunelovutvalget

► Leder for kommunelovutvalget Oddvar Flæte, tidl. fylkesmann i Sogn og Fjordane

Betraktninger om kommunenes behov

► Ordfører Bente Elin Lilleøkseth (Ap), Løten kommune og nestleder i KS Hedmark

Pause / utstilling

Rettslig gransking av Troms Kraft AS – hva kan vi lære?

► Siviløkonom og partner Leiv L. Nergaard, Norscan Partners AS, rettslig oppnevnt gransker av Troms Kraft AS

Pause / utstilling

Helseledere i utakt med etikken – kontrollkomiteens rolle

► Kontrollkomiteleder Rolf Jarle Brøske (H), Trondheim kommune

Pause / utstilling

Etikk i kommunal sektor

► Filosof Henrik Syse

Middag

– på vakt for fellesskapets verdier

Torsdag 6. februar

Møteleder: Lars Hansen, leder av NKRFs selskapskontroll- og kontrollutvalgskomite og daglig leder, Salten kontrollutvalgsservice

Fra frisk BRIS til MOTVIND:

Revisjon av en IT-anskaffelse i Trondheim kommune.

Funn – viktige oppfølgingsområder for kontrollutvalgene

► Forvaltningsrevisor Kathrine Moen Bratteng, Trondheim kommune

Forvaltningsrevisjon – kontroll eller læring?

► Seminarleder Berthild Laabstad, Norges Kvalitetsrevisorforbund (NKRF)

Pause / utsjekking / utstilling

Åpne møter – mulighet for å lukke møter. Habilitet

► Avd.direktør Siri Halvorsen, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Lunsj

Effektivisering av kommunene. Bruk av statistikk – fallgruver

► Seniorrådgiver Håvard Moe, KS-Konsulent as

Pause / utstilling

Rådmannens intern kontroll – hva kan kontrollutvalgene forvente?


► Spesialrådgiver Tina Skarheim, KS

Norge rundt – på kommunestyremøter. En reise i lokaldemokratiet.

► Journalist Tone Holmquist, Kommunal Rapport

Avslutning

► Styreleder Per Olav Nilsen, NKRF



– på vakt for fellesskapets verdier



Kontrollutvalet i Bokn

Statusoversikt februar 2014

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
	22.05.14, sak xx/14	70 timer		Hausten 2014	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Økonomisk sosialhjelp i Bokn kommune	21.05.13, sak 9	07.11.13, sak 22	17.12.13, sak 42	Hausten 2014	
Selskapskontroll					
Andre saker					
	-				

Avslutta prosjekter pr. februar

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Plan for forvaltnings- revisjon	12.09.12, sak 18	22.11.12, sak 22/12	18.12.12, sak 42/12	I 4- års perioden	
Selskapskontroll					
IKA Rogaland IKS	24.05.12 11/12	21.03.13, sak 5/13	18.06.13, sak 25/13	KST 17.12.13	
Plan for selskapskontroll	12.09.12, sak 17	12.09.12 sak 17/12	18.12.12, sak /12	I 4- års perioden	
Andre saker					



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Kommunane i Rogaland
Rogaland fylkeskommune

Dykkar ref.:

Vår dato: 21.01.2014

Vår ref.: 2014/650

Arkivnr.:

Haugaland
utvalgsssekretariat IKS
Mottatt dato: 27.01.14
Journalført: 14/361/tha/lyh
Arkivkode: 216

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland 2014

Fylkesmannen i Rogaland har samarbeidd med Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Statsarkivet og Kartverket om å samordne informasjon om planlagde tilsyn med kommunane/fylkeskommunen i Rogaland for 2014.

Som tidlegare har vi laga ei oversikt over den til no planlagde tilsynsaktiviteten fordelt på kommunar og tilsynsorgan (sjå vedlegg). Denne oversikta vil og liggje på Fylkesmannen si heimeside. Dei fleste av dei planlagde tilsyna til Mattilsynet, Statsarkivet i Stavanger og Fylkesmannen i Rogaland er i denne oversikta. Arbeidstilsynet sine tilsyn er ikkje klare når det gjeld kva kommunar som vil få tilsyn i 2014. Sjølv om ikkje alle tilsyna er med i oversikta, vil vi så langt som råd er leggje vekt på at belastinga ved tilsyn ikkje skal vere for stor for den einskilde kommune. Vi gjer og merksam på at umeldte eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Arbeidstilsynet vil i 2014 ha fire større nasjonale prosjekt som går på helse- og sosialsektoren, reinhald, bygg og anlegg og ny i arbeidslivet. Prosjektet innafor helse- og sosialsektoren er retta mot kommunane og sjukehusa. I 2014 vil det vere sosialsektoren i kommunane som får besøk av Arbeidstilsynet. Når det gjeld reinhald skal Arbeidstilsynet både ha tilsyn med dei som leverer reinhaldstenester og dei som kjøper slik tenester, som til dømes kommunane. I tillegg held tilsynet fram innsatsen retta mot inneklima i offentlege bygg, mellom anna i skular. I satsinga innan bygg og anlegg blir det fokusert på kommunane si rolle som byggherre. Nytt av året er tilsyn med lov om offentlege anskaffelser. Her vil Arbeidstilsynet ha tilsyn med kommunane i Sør-Rogaland. Før desse tilsyna vil kommunane bli inviterte til eit informasjonsmøte om dette temaet. Elles vil Arbeidstilsynet halde fram med tilsynsprosjekt knytt til sosial dumping, ulykker, støy, organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø og ergonomi.

Mattilsynet skal i 2014 føre tilsyn med leidningsnett, høgdebasseng og drikkevatn i kommunane. Dei har og tilsyn med biogass- og komposteringsanlegg. Mattilsynet vil i tillegg kontrollere servering av mat i kommunale institusjonar som sjukeheimar, barnehagar og liknande. I hovudsak blir Mattilsynet sine tilsyn ikkje varsla på førehand.

Statsarkivet i Stavanger skal ha tilsyn med fire kommunar i 2014. Tema for tilsynet er arkivlova med tilhøyrande forskrift. Tilsynet vil hovudsakleg dreie seg om arkivplanlegging, elektroniske arkiv og arkivlokale.

Kartverket skal berre ha eitt tilsyn i 2014. Det er Sokndal kommune som får tilsyn etter Matrikkellova.

Fylkesmannen sine planlagde tilsyn er innarbeidd i oversikta. Her er det informasjon om kva tema som blir tatt opp. I denne oversikta er og Fylkesmannen sin forvaltningskontroll når det gjeld landbruk.

Utanom dei planlagde tilsyna i enkeltkommunar vil Fylkesmannen gjennomføre sjølvmeldingstilsyn innan skulehelsetenesta og fysioterapi/ergoterapitenestene. Nytt for året er og at Fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid etter folkehelselova. Statens helsetilsyn arbeidar no med å leggje til rette for eit landsomfattande tilsyn retta mot kommunane sitt arbeid med kartlegging av helsetilstanden og folkehelseutfordringar i befolkninga. Dette tilsynet kjem i tillegg til det som er i oversikta og vil gjelde for tre kommunar hausten 2014.

Saman med oversikta over planlagde tilsyn, vil de finne tilsynskalender og rapportar på nettstaden til Fylkesmannen. Her finn de og informasjon om samordning av statlege tilsyn med lenkjer til dei andre statlege tilsynsetatane.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Grete Flåten
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 36
E-post: fmrogfl@fylkesmannen.no

Vedlegg

Kopi til:
Sjå vedlagt adresseliste

Statlege tilsyn og kontroll med kommunar i Rogaland og fylkeskommune 2014 – Fylkesmannen, Mattilsynet og Statsarkivet

Landsomfattande tilsyn/nasjonale tilsyn = Nasjonale tilsynskampanjar styrt av sentrale styresmakter (Helsetilsynet sentralt/Utdanningsdirektoratet), utført lokalt

	Kommune/fylkeskommune	Fylkesmannen Helse- og sosial-avdelinga	Fylkesmannen Utdannings-avdelinga	Fylkesmannen Forvaltnings-avdelinga	Fylkesmannen Landbruks-avdelinga	Statsarkivet	Mattilsynet
	<u>BJERKREIM</u>	1. halvår					Bjerkreim omsorgssenter
		2. halvår					
	<u>BOKN</u>	1. halvår					Umeldte tilsyn med institusjonar, SFO og barnehagar. Kartlegging og tilsyn med småvassverk
		2. halvår		Samfunnstryggleik og beredskap			Som 1. halvår
	<u>EIGERSUND</u>	1. halvår					Kjerjaneset bo- og servicesenter, Lagård bo- og servicesenter, Lundeåne bo- og servicesenter, SUS medisinsk divisjon Dalane DMS og Egersund vannverk
		2. halvår	Felles nasjonalt tilsyn: Elevane sitt utbyte av opplæringa				
	<u>FINNØY</u>	1. halvår	Felles nasjonalt tilsyn: Elevane sitt psykososiale miljø	Samfunnstryggleik og beredskap			Umeldte tilsyn med institusjonar, SFO og barnehagar. Kartlegging og tilsyn med småvassverk.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	13.02.14	3/14
Kommunestyret	18.03.14	
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2013

Vedlegg: Utkast til årsmelding for 2013

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2013 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2013 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval godkjenner årsmelding for 2013.

OG INNSTILLING:

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2013 til orientering.

Aksdal, 04.02.14

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

BOKN KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2013



KONTROLLUTVALET
BOKN KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2013.

I følge kommunelova § 77 pkt. 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret*”.

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Kommunestyret sjølv vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmer veljast mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Bokn kommunestyre vald følgjande til kontrollutvalet:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	Daghild G. Alvestad (Sp))	1. Osmund Våga
Nestleiar	Olav Lande Rossebø (H)	2. Rita Boknaberg
Medlem	Christine Berge Christiansen (A)	3. Rune Vatnaland (frå 01.10.13)

Christine Berge Christiansen er fast kommunestyrerepresentant og Daghild Alvestad er 1. vararepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama. Bokn kommunestyre har vedteke eige reglement for kontrollutvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han møtte i tre møte. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har møtt sjølv to gonger, medan økonomisjef ein gong i mai og seksjonssjef for helse og omsorg to gonger i haust.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2013

Kontrollutvalet har hatt 4 møte fordelt på to møte om våren og to møte om hausten. Utvalet har helde møta i allrommet på Boknatun. Møte på våren var lukka, då utvalet ikkje hadde bestemt noko anna, slik lova opna for. Som følge av lovendring frå 01.07.13 er no møta opne, med unnatak av når det er heimla i lov om å lukke.

Utvalet har hatt 22 (26) saker til handsaming og 36 (33) saker til orientering. 6 av sakene har vore lagd fram for kommunestyret. Sjå oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet som vedlegg til årsmeldinga.

Leiar og nestleiar deltok på Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) på Gardermoen 06.-07.02.13. Ingen deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 05.-06.06.13. Dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 07.11.13 var leiar påmeldt, men hadde forfall.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNEKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegnar, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Revisor skrev i brev 15.04.13 at *«administrasjonssjefen har ikke avgitt årsregnskap og årsberetning for Bokn kommune for regnskapsåret 2012 innen lovens frist, og vi har følgelig ikke vært i stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og kommunal revisjonsskikk»*. Revisor si melding og revisjonsrapport vart dagsett 13.05.13. Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen i møte 21.05.13. Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til årsrekneskapen. Økonomisjefen melde at ho håpa på å halde fristen neste år. Utvalet hadde ingen merknader og var som tidligare år nøgd med innhald og utforming av kommunen si årsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Bokn kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 42/12. I planen er det tatt med eitt prioritert prosjekt og fire uprioriterte prosjekt.

Utvalet bestilte forvaltningsrevisjon om økonomisk sosialhjelp i møtet i mai, etter at Deloitte la fram eit prosjektmandat om temaet i fyrste møte i 2013. Ramma vart sett til 70 timar.

Rapporten blei oversendt 31.10.13 og presentert utvalet og administrasjon og ordfører i møte i november. Alle var samd i at rapporten ga eit rett bilete av situasjonen og den ville vere eit godt verktøy i det vidare arbeid.

Rapporten vart lagt fram for kommunestyret i desember og rådmannen har fått eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Plan for 2012-2016 og retningslinjene for selskapskontroll blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 40/12.

Det er i planen lagt opp til at det i løpet av perioden skal gjerast ein gjennomgang av kommunen sin eigarinteresser i selskap.

Kontrollutvalet vedtok i 2012 å delta i selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS (IKA) i lag med dei andre eigarkommunane. Rapporten frå Rogaland Revisjon IKS var klar i januar og blei lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret i mars. Oppfølging av gjennomført selskapskontroll blei lagt fram for kontrollutvalet i haust og kommunestyret i desember (sak 43/13).

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med Deloitte AS som revisor i møte 17.04.12, sak 17/12. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er partner Else Holst-Larsen, Deloitte Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og revisor har møtt på tre av fire møte. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Frå administrasjonen har rådmann, økonomisjef, teknisk sjef og seksjonssjef for helse og omsorg vore invitert til kontrollutvalet sine møte for å orientere i diverse saker.

Utvalet avviste i møte i mars i sak knytte til forholda ved Føresvik Indre hamn då utvalet meinte denne låg utanfor utvalet sitt mandat.

Utvalet ønskte i mars å vite meir om seksjon for helse og omsorg med spesiell fokus på rettane til bebuarane i omsorgsbustaden og inviterte seksjonssjefen å komme og orientere. Ho møtte i septembermøte, men utvalet ønskte meir detaljer og ho og einingsleiar møtte igjen i november. Utvalet var etter dette nøgd med orienteringa, men peikte på at det ikkje var rutinar for jamlege ansvarsgruppemøte ved Bu og aktivitet og bad rådmannen sjå til at eininga får slike inn som fast rutine.

Utvalet er og blitt orientert om skatteregnskap og vedtekne økonomiske rammer, halvårspapportar og KOSTRA-tall i løpet av året.

4.6 BUDSJETT/REKNESEKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

	REGNSKAP 2013	BUDSJETT 2013	KU - FRAMLEGG
Godtgjersle, kurs, m.m	4 665		46 000
Revisjonstenester	113 250	158.000	158 000
Sekretariatstenester	92 000	92 000	92 000
Sum utgifter eks. mva	209 915		296 000

Kontrollutvalet handsama på hausten framlegg til budsjett for 2014. Totalt var framlegg til budsjett på kr 305.000. Av dette er kr 96.000 sett av til sekretariattjenester, kr 162.000 til revisjonstjenester og kr 47.000 til utvalet. Det er då lagt inn kjøp av ca. 70 timer til forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.

I kommunestyremøte 17.12.13, sak 49/13 blei to av summene vedteke, medan utgifter til godtgjersle, reise og kurs/konferanse vert sett i samanheng med dei folkevalde på tenesteområde 1000. Utgiftene skal ifølgje KOSTRA først på funksjon 1100 kontroll og tilsyn.

4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalssekretariat IKS kom i drift frå 2005.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing og samarbeid med fire revisjonsselskap (Deloitte, KPMG, BDO og Rogaland Revisjon), andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Året 2013 har vore eit normalår heilt til midten av desember då det blei hektisk som følge av arbeid med anbod på ei gransking. Sekretær for Bokn kontrollutval har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har i løpet av 2013 oppgradert sine heimesider. Nå blir mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar lagt ut på heimesidene fortløpande.

Frå Bokn kommune er Johannes Nilssen vald til representantskapet i IKSet med Sonja Mikkelsen som varamedlem. Ingen av dei møtte på møtet 07.05.13.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2013 har vore som planlagt. Forvaltningsrevisjonsrapport om Økonomisk sosialhjelp er blitt bestilt og lagt fram for kontrollutval og kommunestyre. Innan selskapskontroll har det vore rapport og oppfølging om IKA IKS. Ved sekretariatet har det endeleg vore eit normalår.

Bokn, 13.02.14

Daghild Alvestad
leiar

Olav Lande Rossebø
Nestleiar

Christine Berg Christiansen
medlem

Saker til handsaming:

- 1/13 Godkjenning av protokoll frå møte 28.11.12
- 2/13 Referatsaker 21.03.13
- 3/13 Kontrollutvalet si årsmelding 2012
- 4/13 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2013/14
- 5/13 Rapport -selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv IKS

- 6/13 Godkjenning av protokoll frå møte 21.03.13
- 7/13 Referatsaker 21.05.13
- 8/13 Årsrekneskapen 2012 – kontrollutvalet sin uttale
- 9/13 Prosjektplan – forvaltningsrevisjonsprosjekt – økonomisk sosialhjelp
- 11/12 Revisor si eigenerklæring for 2012

- 10/13 Godkjenning av protokoll frå møte 21.05.13
- 11/13 Referatsaker 05.09.13
- 12/13 Orientering frå administrasjonen – seksjon helse og omsorg
- 13/13 Revisor si eigenerklæring 2013
- 14/13 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2013 (utsett)
- 15/13 Budsjett - kontroll og tilsyn 2014 – kontrollutvalet sitt framlegg

- 16/13 Godkjenning av protokoll frå møte 05.09.13
- 17/13 Referatsaker 07.11.13
- 18/13 Orientering frå administrasjonen – Bu og aktivitet
- 19/13 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2013
- 20/13 Oppfølging av selskapskontroll – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
- 21/13 Møteplan for 2013
- 22/13 Forvaltningsrevisjonsrapport – Økonomisk sosialhjelp

Saker til orientering:

1. Svar frå teknisk sjef 17.01.13 - pir i Knarholmen
2. Kom.styrevedtak 18.12.12, sak 42/12 – plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016
3. Kom.styrevedtak 18.12.12, sak 46/12 – oppfølging av gjennomført kontroll i HIM IKS
4. Skatteoppkrevjaren i Bokn – skatterekneskap 2011 og årsrapport
5. Kontrollrapport 2011 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen i Bokn kommune
6. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak frå 01.07.13
7. NKRF si kontrollutvalskonferanse 01.-02.02.12 – evaluering
8. Kommentar frå rådmannen 13.03.13 - Føresvik Indre Hamn

9. Pressemelding fra KRD – Interkommunalt samarbeid lønner seg for kommunene
10. Representantskapsmøte i IKA IKS 24.04.13
11. Representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 25.04.13
12. Representantskapsmøte i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS 07.05.13
13. Representantskapsmøte i HIM IKS 15.05.13
14. Generalforsamling i Haugaland Kraft AS 03.06.13 kl. 15.00
15. Generalforsamling i Haugalandspakken AS 11. 06.13 kl. 15.00

16. Kommunebarometeret 2013 – Bokn - «Best» i Rogaland
17. FKT- konferansen 2014 i Haugesund på Rica Maritim
18. Kommunestyrevedtak 18.06.13, sak 17 – kontrollutvalet si årsmelding
19. Kommunestyrevedtak 18.06.13, sak 25 – IKA IKS
20. Budsjett- og rekneskapstal pr 30.06.13 – kontroll og tilsyn
21. Statusoversikt pr. august 2013
22. Rundskriv om iverksetting av endringer i kommuneloven m.m. – egenkontroll mv.
23. Kommunerevisoren nr. 3-13 «Antikorrupsjon i kommunene – mer enn kontroll»
24. Handbok i antikorrupsjon «Beskytt kommunen» (eige hefte)

25. Budsjettsituasjon 2013 og budsjettprosess for budsjettet 2014 v/rådmannen
26. Kommunestyrevedtak 01.10.13, sak 36/13 – -val av varamedlem til kontrollutvalet
27. Kontrollutvalet sine oppgaver og ansvar
28. Forum for kontrollutvalg i Rogaland – Haustkonferansen 07.11.13 - evaluering
29. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 13.11.13
30. Arbeidstilsynet sitt brev om oppfølging av tilsyn – pålegg og oppfyllelse av pålegg
31. Kommunens tiltaksplan for oppfølging av tilsynsrapport 02.09.13
32. Referat fra evalueringsmøte 27.08.13
33. Samarbeidsplan og status mellom Bokn kommune og Haugaland HMS
34. Tilsynsrapport og varsel om pålegg – sentraladministrasjon
35. Tilsynsrapport og varsel om pålegg – legekantoret
36. Tilsynsrapport og varsel om pålegg – sjukestova

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	13.02.14	4/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR 2014

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å setje i bestilling i 2014, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast på neste møte.

Saksorientering:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon skal bestillast med bakgrunn i vedteken Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2012-2016 blei vedteken av Bokn kommunestyre i møte 18.12.12, sak 42/12. Følgjande prosjekt er tatt inn i planen:

1. Økonomisk sosialhjelp (gjennomført i 2013)
 - Pasient- og brukarrettar innan helse/omsorg
 - Handtering av sjukefråveret
 - Barnevern
 - Samhandlingsreforma

Første prosjekt blei gjennomført i 2013 og lagd fram for kontrollutvalet 07.11.13 og kommunestyret 17.12.13, sak 42/13. Rådmannen skal gje tilbakemelding om oppfølging av rapporten innan 01.07.14. Prosjektet var sett til 70 timar, som er det som er sett av i 2014.


Dei neste prosjekta er ikkje sett opp i prioritert rekkjefølgje. Utvalet er gjeve fullmakt til å gjere endringar undervegs i perioden dersom føresetnadene skulle endre seg.

Utvalet må drøfte kva prosjekt dei vil ha. Utkast til prosjektmandat vil i då kunne bli handsama på neste møte i mai, slik at endeleg bestilling kan bli gjort.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet til møtet i mai.

Aksdal, 04.02.14


Toril Hallsjø
Utvalssekretær